



# Ålesund KrF

## POLITISK PROGRAM

### 2019 - 2023

KrF sin politikk lokalt og sentralt er forankra i det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og ansvaret for å forvalte skaparverket til gode for komande generasjonar.

For KrF er det viktig at innbyggerane kan kjenne seg trygge og ha eit godt tenestetilbod av same kvalitet uansett kvar dei bur i den nye kommunen. KrF vil ha eit varmare samfunn, der barn og eldre vert prioritert.

KrF vil

- at borna sine behov for tryggleik alltid skal ha prioritet i kommunal planlegging og verksemd. Vi vil alltid legge stor vekt på gode vilkår for barnefamiliane.
- at regionen skal utviklast i eit tett og godt samarbeid med næringsliv, nabokommunar, fylkeskommunen, NTNU og statlege fagmiljø.
- ha eit grunnskuletilbod i kommunen som kan måle seg med dei beste grunnskulane i landet, med omsyn til faglege og spesialpedagogisk tilbod samt gode skulebygg og uteområde.
- ha utviklingsplanar for alle kommunedelane der det vert lagt særleg vekt på gode oppvekstmiljø og god tilgang til friområde i heile kommunen. Vi vil vidareutvikle bysentrum med fleire bustader, attraktive kulturtilbod, brei næringsverksemd og trivelige uteområde.
- sette i verk tiltak mot utanforskap og barnefattigdom. Barnetrygd skal ikkje samordnast med sosialhjelp.
- vektlegge brukarstyrte kommunale tenester, der innspel vert brukt til å forbetre tenestene.
- samarbeide tett med frivillige lag og organisasjonar.
- redusere klimagassutsleppa i kommunen ved å stille strenge miljø- og klimakrav til eigen verksmed og ved utlysing av anbod. Det skal leggest betre til rette for at å gå, sykle eller bruke kollektiv transport blir førstevalet for reiser til og frå arbeid og skule.
- føre ein restriktiv alkoholpolitikk, redusere tilgjengelegheita av alkohol spesielt der barn og unge er tilstade og fremje alkoholfrie arenaer i kommunen.

- Det offentlege, næringslivet, privatpersonar, idretten og kulturen i nye Ålesund blir oppmoda om å legge til rette for styrka utviklings- og utviklingsarbeid, handel, turisme og kulturutveksling med Israel. KrF ser ikkje på boikott av Israel som eit bidrag til dialog og fredeleg utvikling i Midtausten.
- at dagens byvåpen frå 1898 skal vidareførast i ny kommune utan endring fordi logoen er så innarbeidd, kjent og samlande, og har så djupe røter i vår felles historie og kulturarv.

## **Familien**

- KrF vil bygge eit varmare samfunn, der vi slår ring rundt det som verkeleg betyr noko i samfunnet. For oss betyr det å styrkje familiane, ikkje styre dei.
- Målet vårt er at norske barn skal vekse opp i trygge og stabile familiar med stor valfridom til å forme sin eigen kvardag slik dei sjølv ønskjer.
- KrF har sikra stor løft til barn og unge dei siste åra. Fritidskortet er eit pilotprosjekt for barn og unge mellom 6-18 år. Familiane skal få eit bidrag slik at hinderet for å delta i aktivitet skal er lågast mogeleg. Fritidskortet kan få lokalt påfyll.

## **Barnehage**

- Vi må ha god barnehagedekning med tilstrekkelig bemanning og kompetanse i heile kommunen slik at foreldre slepp å køyre lange omvegar mellom bustad, barnehage og arbeidsplass.
- KrF meiner det er av stor verdi for lokalsamfunnet at kristne og ideelle organisasjonar etablerer barnehagar i kommunen.

## **Skule**

- For KrF er det viktig at skulen skal bygge på verdiane i vår kristne og humanistiske kulturarv.
- Den ordinære undervisninga må styrkast gjennom bemanning og relasjonskompetanse, slik at behovet for spesialundervisning vert mindre. Tidleg innsats er avgjerande for å lukkast. Ein god barndom «varer» heile livet.
- KrF vil starte eit prosjekt for å styrke den praktiske tilnærminga til fleire fag i grunnskulen, slik vi har gjort for realfaga gjennom etablering av «Newtonrommet» på NMK.

- KrF er positiv til etablering av private skular som gode alternativ til den offentlige skulen. Vi vil arbeide aktivt for at det kan settast av areal til slike skular.
- Vi vil styrke den tverrfaglige skulehelsetenesta i grunnskulane slik at elevar og føresette får lettare tilgang til profesjonell hjelp.
- Vi vil ha ein mobbefri skulekvardag for alle elevar i samsvar med menneskeverdet og det kristne menneskesynet. Vi må syte for at «beste praksis» og kompetanse på området vert overført og delt mellom skulane.

### **Frivillig sektor**

- For KrF er frivillig sektor ein av dei aller viktigaste medspelarane i bygginga av gode lokalsamfunn. Saman med familien er frivillige limet i samfunnet.
- KrF vil legge til rette for fleire gode samarbeidsprosjekt mellom frivillige lag og organisasjonar og kommunale tenester som skule, SFO, heimebasert omsorg og buteneste.
- Kommunen må samarbeide tett med frivillige organisasjonar og ulike trussamfunn for å inkludere menneske frå andre land og kulturar.
- Gjennom «Fritidskortet» må kommunen medverke til at alle barn får høve til å delta i fritidsaktivitetar som interesserer dei.

### **Helse og velferd**

- KrF vil styrke den heimebaserte omsorga slik at dei som ynskjer det kan bu heime lengst mulig.
- KrF vil sikre eit mangfald av tilpassa buløysingar i heile kommunen for å møte behova frå ulike brukargrupper som eldre, menneske med nedsett funksjonsevne, pasientar med psykiske lidingar og menneske som slit med ulike rusproblem.
- Vi vil ha tilstrekkelig sjukeheimsplassar og tilbod med heildøgns omsorg og pleie i alle bydelane - slik at både pasientar og pårørande kan kjenne seg trygge på at dei skal få den hjelpa dei treng.
- KrF vil at universell utforming av tenester og miljø skal prioriterast slik at funksjonshemma kan oppleve seg likestilt med andre. KrF vil styrke avlastningstilbod for heimebuande demente i heile kommunen.
- KrF vil legge til rette for at private i samarbeid med kommunen kan etablere bustader for eldre og andre grupper.

- KrF vil sikre at kompetansen for lindrande behandling for menneske i sluttfasen av livet vert styrka og gjort meir tilgjengelig også i heimane gjennom ambulante team.
- Omsorgssentra i kommunen skal kunne gi tilbod om åndeleg omsorg.
- Folkehelsearbeidet må forankrast på tvers av alle sektorane i kommunen.
- KrF vil arbeide for at sjukehuset i Ålesund vert Universitetssjukehus.
- KrF vil arbeide for at Ålesund sjukehus får midlar til PCI-behandling og at vedlikehald og fornying av bygningane vert prioritert.
- KrF vil styrke den kommunale jordmortenesta.

### **Idrett og friluftsliv**

- Skuleområda må utviklast slik at dei kan nyttast til idrett og leik også utanfor skuletida.
- Av omsyn til folkehelsa er det viktig å sikre allmenn tilgang til friareal i nærleiken av skular og bustadfelt. Det må utarbeidast langsiktige planar for utbygging av turveg/turstiar, samt gang- og sykkelveg i heile kommunen.
- Kommunen må inngå langsiktig avtale med grunneigar som sikrar offentlig tilgang og bruk av friområdet og badestranda ved Prinsen – og liknande badeplassar i kommunen.
- Etter modell frå turvegen langs nordsida av Borgundfjorden skal nye liknande prosjekt utviklast andre stader i kommunen.
- KrF vil at den gamle postvegen mellom Sjøholt og Vestnes vert rusta opp til turveg i samarbeid med Statens vegvesen og andre partar. Dette kan også gjelde postvegen mellom Eidsvik og Vatne over Eidsvikeidet.
- KrF vil bevare området Fylling/Svartløken for turgåarar sommar og vinter.

### **Kamp mot utanforskap**

- KrF vil sette i verk tiltak mot utanforskap og barnefattigdom. Barnetrygd skal ikkje samordnast med sosialhjelp.
- Flyktningar som buset seg i Ålesund må inkluderast gjennom skule, arbeid og fritidsaktivitetar slik at dei kan ta del og vere ein ressurs i samfunnet.
- Inkludering gjennom deltaking i arbeidslivet skal vere den overordna strategien i kampen mot utanforskap.
- Det må leggjast stor vekt på at dei som droppar ut av skule eller arbeid får god oppfølging slik at dei kan ta del i arbeid og sosialt liv i samfunnet. Kommunen må samarbeide tett med Brisk og Vekst-bedriftene.

## Kultur

- KrF vil styrke samarbeidet mellom profesjonelle og frivillige aktører innanfor kulturfeltet. Tilsette kulturarbeidarar i kommunen må samarbeide tett med frivillige.
- KrF vil legge til rette for at ulike organisasjonar og trussamfunn får arbeide ut frå sin eigenart.
- KrF vil styrke og vidareutvikle Kulturskulen slik at endå fleire barn og ungdommar kan få eit tilbod innanfor si interesse og i sitt nærmiljø. Dei mest spissa tilboda må likevel samordnast. Kulturskulen skal vere for alle.
- Ålesund kommune må verdsette det profesjonelle kunst- og kulturarbeidet gjennom ei styrking av kulturfondet, og ved å medverke til trygge økonomiske rammer for drift og vidareutvikling av slike verksemder i Ålesund.

## Næring og landbruk

- Ålesund må vere ei god og attraktiv vertskommune for etablerte og nye verksemder.
- Ålesund kommune må føre ein langsiktig og forutsigbar næringspolitikk, og ha ein tett og jamn dialog med næringslivet. Det må lagast ein strategisk næringsplan i samarbeid med næringslivet sjølv, som legg tydelige føringar for dette arbeidet.
- KrF vil vidareføre og auke talet på lærlingplassar i kommunale verksemder.
- KrF vil at kommunen skal ha regulert næringsareal i ulike deler av kommunen.
- Arealplanarbeidet må sikre langsiktige og gode rammer for private utbyggarar. Planavdelinga må ha fagfolk og kompetanse nok slik at utbyggarar får rask tilbakemelding på spørsmål og søknader.
- KrF vil at matjord som hovudregel ikkje skal byggast ned. Dersom matjord likevel vert nedbygd skal den så langt råd erstattast med nydyrking. Regelen skal vere at matjord vert flytta og brukt andre stader.
- KrF vil føre ein langsiktig politikk i samarbeid med landbruket og fiskeria sine organisasjonar for å syte for gode rammevilkår for primærnæringane.
- Ålesund kommune må samarbeide tett med andre regionar og byar i inn- og utland for å utvikle ei berekraftig kommune både i forhold til miljø, økonomi og inkludering.

## Berekraftig utvikling

- Det må leggast til rette for lading av el-bilar i bustadfelt, burettslag etc.
- Ålesund kommune skal legge stor vekt på avfallsreduksjon og kjeldesortering.

- Ålesund kommune skal legge FN sine berekraftmål til grunn for all si verksemd.
- Det må utarbeidast ein tiltaksplan for reduksjon av lokale klimautslepp.
- KrF vil legge vekt på fortetting rundt kollektivknutepunkt og lokale sentra.
- Ålesund kommune må spele ei aktiv rolle for å styrke samarbeidet mellom ÅRIM, Tafjord kraftvarme og Bingsa Gjenvinning.
- Kommunen må ta ei aktiv og leiande rolle for å hindre at plast og anna søppel hamnar i naturen og samarbeide med alle organisasjonar og verksemdar som tek del i opprydding.
- Kollektivandelen i Ålesund må aukast, og kommunen må ha ein klar strategi for korleis 15%-målet skal nåast.
- KrF vil arbeide for at det vert lagt til rette for landstraum for Cruiseskip i Ålesund hamn samt ladestraum for båtar med batteridrift.

### **Samferdsel og trafikktryggleik**

- Kantslått skal ikkje utøvast på kommunale vegar midt i blømingstida, men utførast når det er minst mogeleg til ulempe for pollinerande insekt.
- Trygge skulevegar for barn og unge må ha høgast prioritet i trafikktryggingsarbeidet. Det må lagast prioritert oversikt for heile kommunen over dei prosjekta som har størst innverknad på trafikktryggleiken.
- KrF meiner Statens Vegvesen må starte utbetringa av E39/E136 med bygging av traseen frå Dragsundet til Ørskogfjellet snarast råd – uavhengig av traseval vidare.
- Vi må komme raskt i gang med bypakken i Ålesund ut frå den strategien som alt er lagt av Statens vegvesen og bystyret i Ålesund. Dersom økonomien i pakken vert betre enn forventa skal nye trafikksikringstiltak prioriterast på prosjektlista.
- Hamnsundsambandet må realiserast sidan det er ei naturleg forlenging av Nordøyvegen og vil binde regionen saman.
- Ålesund må i sin dialog med Fylkeskommunen arbeide for bruk av nullutslepp-teknologi i kollektivtilbodet - både på land og sjø.
- Hurtigbåtsambanda mellom Ålesund sentrum og omlandet må styrkast, inklusiv ruta frå Hamnsund.
- Børdalslinja mellom Vaksvik og Valgermo må bli realisert.

- Ein samanhengande gang- og sykkeltrase frå Eidsvikeidet, Skodje og Ørskog til Ålesund sentrum må utgreiast for bygging.
- Ny gang- og sykkelveg på flytande element langs Borgundfjorden frå Sparebanken Møre arena til Meierikaia må prosjekterast i samband med sørsideutbygginga i Ålesund sentrum.

### **Økonomistyring og eigedomsskatt**

- KrF vil ha ei stram økonomistyring der vi styrer mot 3% netto årlig driftsoverskot til disposisjonsfond.
- Dersom det er naudsynt med eigedomsskatt for å sikre høg kvalitet på det kommunale tenestetilbodet, vil KrF ha lik eigedomsskatt (2 promille) i heile kommunen, og innføre eit botnfrådrag i takstgrunnlaget på minimum kr. 500.000.

### **Andre investeringar**

- Det må lagast offentlig reguleringsplan for bilveg til Grønevollen på Emblemsfjellet, med tilhøyrande utfartsparkering.
- Kyrkjestova ved Skodje kyrkje må byggast med tilskot frå kommunen.
- Hatlehol Kyrkje skal oppførast i samsvar med regulering og forprosjekt, med byggestart årsskiftet 2022/2023 etter gjeldande økonomiplan.
- Osane Idrettshall i Skarbøvik skal fullførast i samsvar med vedteken økonomiplan
- Det bør settast av tomt til felles forsamlingshus for kristne organisasjonar på Eidsvikeidet.
- Det må settast i gang arbeid for å realisere ein regional ishall i samarbeid med idrettslag, private interesser og nabokommunane.
- Vedlikehaldet av kyrkjene i kommunen må prioriterast. T.d. må arbeidet med å måle Ørskog kyrkje innvendig ferdigstillast.
- KrF vil støtte realisering av symjebasseng ved Skodje skule og Brattvåg skule i samsvar med gjeldande økonomiplan.